


AUSTEBYGD BARNEHAGE



Lokal årsplan

2016 - 2017

INNHALDSLISTE

Visjon for Austebygd barnehage og Austebygd skule	s. 3
Mål for arbeidet vårt.....	s. 3 - 4
Personalgruppa	s. 4
Barnegruppa	s. 4
Primærkontakt.....	s. 5
Dagsrytme.....	s. 5
Faste ting som skjer.....	s. 6
Tider	s. 7
Matordning.....	s. 7
Kvardagsaktivitetar.....	s. 7
Sosialt samspel / -kompetanse.....	s. 8
Språkleg kompetanse.....	s. 9
Læring.....	s.10
Leik.....	s.11
Samlingstund.....	.s.11
«Gymmen».....	s.12
Barnehagen som ein kulturarena.....	s.12
Fødselsdagsfeiring.....	s.13
Aktivitetar og samarbeid med skulen.....	s.13
Barn sin medverknad.....	s.14
Overgang barnehage – skule.....	s.14
Møter i barnehagen.....	s.15
Planlegging, dokumentasjon og vurdering.....	s.16
MI – i barnehagen.....	.s.17
Fagområda og MI.....	s.17
Fagområda – progresjon ut frå alder.....	s.18 - 19
Temaplan haust 2016 og vår 2017.....	s.20 - 23

Felles visjon for Austebrygd skule og barnehage:

ME BRYR OSS!

Pedagogisk ståstad:

- alle skal kjenna seg sett og hørt i kvardagen
- tilretteleggja for gode opplevingar i eit trygt og inkluderande fellesskap
- eit læringsmiljø prega av engasjement, kvalitet og klare forventningar
- fokus på at kvar enkelt skal oppleva meistring – fagleg og sosialt
- vektleggja dialog og samarbeid på alle plan

MÅLA FOR ARBEIDET VÅRT - PEDAGOGISK PLATTFORM

Alt arbeid i barnehagen er regulert av «Lov om barnehagar».

Føremålsparagrafen i barnehageloven §1 seier m.a:

Barnehagen skal gje barn under opplæringspliktig alder gode utviklings- og aktivitetsmuligheter i nær forståing og samarbeid med borna sin heim. Barnehagen skal hjelpe til med å gje borna oppseding i samsvar med dei kristne grunnverdiane.

Med grunnlag i barnehagelova, rammeplanen og den pedagogiske plattforma har me som hovudmålsetjing for arbeidet vårt:

Å skapa trygge menneske med tru på seg sjølv og evnene sine - og hjelpa dei til å utvikla evna til omsorg for andre.

I tillegg til barnehagelova har me «Rammeplan for barnehagar». Det er ei forskrift som gjev retningslinjer for det tilbodet me skal gje borna. Rammeplanen gjev oss forpliktande mål og den set krav til kvalitet i det pedagogiske arbeidet. Den gjev også krav om sju ulike fagområde som me skal innom kvart år. Fagområda er:

- kommunikasjon, språk og tekst
- kropp, rørsle og helse
- kunst, kultur og kreativitet
- natur, miljø og teknikk
- etikk, religion og filosofi
- nærmiljø og samfunn
- antal, rom og form

Rammeplanen legg vekt på læring gjennom leik, sosialt samspel og at borna får utvikla basiskompetanse.

Gjennom årsplanen har me formulert måla våre som så skal synleggjera ei pedagogisk plattform. I vårt arbeid har me ei plattform der me brukar litt frå dei ulike pedagogiske retningane - vekstpedagogikk, dialogpedagogikk og dialektisk relasjonsteori.

Desse pedagogiske retningane vektlegg m.a:

- eit positivt barnesyn
- utviklinga av evne til kommunikasjon, ansvar og innleving
- at barn og vaksne er likeverdige, men den vaksne styrer innhaldet i samspelet slik at borna får eit godt utbyte.
- at den vaksne skal vera open og aksepterande og ta borna på alvor i alle situasjonar
- at borna treng stadfesting på kven dei er og kva dei kan

I barnehagen går oppseding og undervisning over i kvarandre.

Oppsedinga er også meir fokusert på verdiar, normer og personlegdomsutvikling.

Det som sterkest påverkar oppsedinga i barnehagen er det me kallar modell-læring; dvs. den læringa som føregår i det daglege, gjennom måten personalet samspelar med kvarandre og borna på, kva dei gjer og ikkje gjer, korleis dei gjer det....

Det er difor viktig at me vaksne i barnehagen viser at me tek omsyn til kvarandre og har omsorg for kvarandre. Me treng ikkje alltid vera einige, men me må lytta til kvarandre og respektera kvarandre. I det daglege arbeidet er det viktig at me vaksne har ei felles forståing for kva me skal leggja vekt på og korleis me opptrer i dei ulike situasjonane saman med borna.

Personalgruppa:

Torunn Tolleshaug Hovden

styrar

Vigdis Villanger

inspektør

Bente Marås

pedagogisk leiar/barnehagelærar

(*vikar for Magnhild Nøttveit fram til 31.12.16*)

Renate Olsvoll Dale

barnehagelærar (delt ped.leiar til 31.12.16)

Iren Vestheim Johansen

barnehagelærar

Sissel Soltveit

barne- og ungdomsarbeidar

Ingrid Elin Rikstad

barne- og ungdomsarbeidar

Janne-Marie Rath

barne- og ungdomsarbeidar

Frå 01.01.17

Magnhild Nøttveit

pedagogisk leiar

Dagrun Skauge Mjøs (3 dg/v)

reinhaldar

Felles reinhalder med skulen (2 dg/v)

Yngve Kaarstad

vaktmeister

Barnegruppa:

Austebygde barnehage har ei utvida avdeling, med barn i alderen 2 – 5 år. Utvida avdeling betyr at me kan ha 24 barnehageplasser. Dei yngste borna tel for to plassar, til det kalenderåret dei fyller 3 år.

PRIMÆRKONTAKT



Kva er ein primærkontakt?

- Ein primærkontakt er ein kontaktperson for borna og foreldra . Denne har m.a. som oppgåve å observera og følgja opp ei gruppe born. Ved å dela barnegruppa mellom oss, sikrar me slik at alle borna blir sett.

I oppstarten og tilvenningsperioden er primærkontakten spesielt viktig. I denne tida prøver me difor å la borna få mykje tid saman med primærkontakten sin. Slik håpar me å kunna gje barnet ei gradvis tilnærming til barnehagen og verta kjend med dei andre borna og dei vaksne.

-Primærkontakten skal i løpet av dagen, inne og ute, ha positiv kontakt med sine primærbarn. Vedkomande skal stå for tryggleik og nærleik, og hjelpe barnet til å fungera saman med dei andre i barnehagen. Me skal også syta for god kontakt med foreldra.

-Primærkontakten vil, i vår barnehage, også arbeida saman med denne gruppa når det gjeld målarka og observasjonar for samspele.

-Kontakt-arket ”LITT OM MEG SJØLV” vil også fungera som eit positivt samtale-/kontaktledd mellom barn/foreldre og primærkontakten eller ein annan av dei vaksne. Med dette arket kan me då sitja saman med barnet/borna og sjå på bileta og dei vil kunna visa og fortelja. Det vil bety mykje for barnet si sjølvkjensle å ha sitt eige kontaktark å visa og fortelja om her i barnehagen. Dette vil særleg vera med å gjera tilvenningstida lettare.

DAGSRYTME

Kl. 7.00/7.15 Barnehagen opnar for dei som har avtalt ”tidleg-opning”

kl. 7.30 God morgen - barnehagen opnar for alle
Frukost for dei som vil ha det.

I tida fram mot samlingsstund og formiddagsmat, har me frileik,
aktivitet, gruppe, gymsal, tur.

kl. 10.30 Rydding og samlingsstund

kl. 11.00 Formiddagsmat

kl. 12.00 Uteleik

kl. 14.30 Frukt, yoghurt eller matpakke for dei som ynskjer det.

Etter frukt leikar me oss ute eller inne.

kl. 16.30 Takk for i dag - barnehagen stengjer.

FASTE TING SOM SKJER

Smørjemåltid: Det er smørjemåltid kvar dag. Til vanleg lagar me formiddagsmat med skiver og sunt pålegg, men ein gong i veka lagar me rundstykke eller varm mat.

Borna får vere med å hjelpe til når me lager mat, dette året vil matlaging vere ein del av gruppearbeidet på fredagane. Den gruppa som har ansvaret for matlaginga, er også med å dekkje bordet og ordne alt klart til resten av borna kjem. Det er stor meistringsglede når me roser borna for å ha laga mat til dei andre i gruppa.

Turdag: Ein gong for veka er det turdag. På turdagane har borna med seg sin eigen sekk med flaske med vatn, og gjerne eit sitjeunderlag. Personalet har med mat, mjølk, kakao, suppe, o.l. Av og til har me bål eller tenner opp grillen, og kosar oss då med litt mat som me lagar ute.

Gymsal: Me har mulighet til å bruka gymsalen fleire av dagane i veka, og me går gjerne inn der på ettermiddag når me vert meir inne. Me har no sett opp tid for gymsal torsdag kl 9.00 – 10.30, me deler oss i mindre grupper slik at det blir trygt for alle å vera der. Det er også avsett tid fredag, dette vil bli som ein del av gruppearbeidet. Når me er i gymsalen, har me noko vaksenstyrt aktivitet, og litt av tida styrer borna sjølve. Borna er glade i å leika, så dei er godt motiverte for det me gjer.

Samlingsstund: Me har samling alle dagar. Dei dagane me er på tur, har me ei lita samling før me går. I samling syng me mykje, me les, leikar enkle leikar, brukar instrument, borna fortel om ting dei har opplevd, me lyttar til kvarandre og me tar opp ting som skal skje. På leikedagane får dei visa kva dei har med. Dette året har me særskild fokus på samlingsstunda, og borna skal oppleve godt planlagde og varierande samlingsstunder. Samlinga skal vera utviklande for både språk og tanke.

Tema: I samband med dei ulike tema som me har, vert det ein del formings-aktivitetar. Det varierer litt kva dagar me brukar til dette. Nokre gongar jobbar me litt på formiddag, me brukar grupper og gjerne ettermiddagane inne og ute. Me brukar ting me finn i naturen, limer, klipper, malar o.a. Kvar fredag vil det vere ei hobbygruppe som ein del av gruppearbeidet.

Lesegruppe: 5. og 6. årstrinn les bøker for barnehageborna i mindre grupper.



Førskulegruppa: Førskulegruppa har samling kvar veke. Dette er meint å vera ei enkel førebuing til skulestart, og å skapa ei positiv forventning til skulen. Me øver på konsentrasjon, litt bokstavar, begrepsforståing, form og fargar, venta på tur, lytta til andre, spela spel og mykje meir. Me brukar også eit ferdig utarbeidd aktivitetshefte som heiter Trampoline. Det er veldig kjekt å ha ei eigen bok å arbeida i. Me jobbar litt i boka kvar gong, men har alltid noko aktivitet i tillegg.

Det å vera stor nok til å gå på førskulegruppa er noko borna ser fram til, det skal difor vera slik at dei får lov til litt andre ting enn dei som er yngre. Det kan til dømes vera ein tur utanom faste turdagar, laga kalender i julegåve og eiga avslutning før sommarferien.

TIDER

Borna bør vera i barnehagen seinast kl 9.30 dersom dei skal få fullt utbytte av tilbodet. Kjem borna av ulike grunnar seinare, så gje beskjed i barnehagen om dette. Dersom barnehagen skal på tur eller andre utflukter, og me må gå tidleg/kjem att seint, så vil dette stå på månadsplanen.

MATORDNING

Det er smørjemåltid i barnehagen kvar dag, bortsett frå når det er turdag. Borna får mjølk og frukt i barnehagen. Dersom de ynskjer at borna skal eta litt mat i samband med fruktmåltidet, kan dei ha med yoghurt eller litt mat i ein matboks. Foreldra betalar ein månadleg sum for mjølk, frukt og smørje-/varmt måltid. Matpengesatsane er dei same for alle barnehagane i kommunen, og vert indeks-regulert kvar år. For ein 5-dagars plass ligg dei no på i overkant av 300 kr. pr. månad. Matpengane vert innkrevd på same bankgiro som den vanlege foreldrebetalinga.



KVARDAGSAKTIVITETAR

Kvardagsaktivitetane toalett/handvask, garderobe, måltid, rydding og samlingsstund kjem att kvar dag og skapar tryggleik for barn og vaksne.

Overordna mål med desse kvardagsaktivitetane er at:

- borna skal læra å visa ansvar, omsorg og respekt for kvarandre.
- borna skal læra ferdigheter som er knytt til ulike situasjonar.

Ved kvardagsaktivitetane skal borna:

- læra seg å venta på tur
- læra reinsemd
- læra å sitja roleg ved bordet til måltidet er slutt
- læra å ikkje søla med maten
- ta i bruk og læra ulike ord/begrep om bestikk/servise og namn på ulike matvarer
- bruka vanleg stemme (ikkje ropa)
- læra å hengja kleda sine på plass
- kle på og av seg sjølv
- læra å vurdera kva klede me brukar ved dei ulike årstidene
- læra å rydda opp etter seg
- læra korleis ulike gjenstander skal handsamast
- læra å hjelpa andre

Omsyn til barnet sine føresetnader og utviklings-stadium og må heile tida liggja til grunn. Me gjev borna delmål, små oppgåver som dei meistrar og oppmuntring etterkvart.

Det at barnet får oppleva meistring av situasjonar og aktiviteter, er med å utvikla barnet si sjølvkjensle (t.d. oppgåva som ordenssjef).

På denne måten legg me også tilrette i barnehagekvardagen elles for oppgåver som borna kan ha medansvar for og som dei meistrar. Gjennom kvardagsaktivitetane er det også mange situasjonar der borna har høve til å hjelpa kvarandre. Dette gjeld særleg for større barn, men og for jarnaldringar.

SOSIALT SAMSPEL / -KOMPETANSE

Barnehagen legg stor vekt på arbeidet med SOSIAL KOMPETANSE.

I det praktiske arbeidet brukar me i tillegg til **POSITIVE hjarte**,
MÅLARK for sosialt samspele med dei eldste borna.

Positive hjarte.

Nokre gonger i året får borna heim ein fint papirhjarte, der personalet har skrive ned konkrete og positive tilbakemeldingar om barnet – noko barnet er flink til. Det kan vera noko fint barnet har sagt, eller noko fint det har gjort for andre. Målet er å styrka den positive handlinga.



Målark for sosialt samspele.

Her tek me utgangspunkt i eit konkret målark om gongen. Me har fokus på dei punkta som står på målarket, og arbeider oss gjennom dette til alle måla er nådd. Borna skal m.a. læra å helsa, læra å følgja reglar for god bordskikk og vanleg ”folkeskikk” elles, vera greie med kvarandre - og kunna visa omsorg og bry seg om andre.

Så langt har me utarbeidd desse målarka:

1 målark for sosialt samspele / Generelt

1 ark med mål for sosialt samspele / Måltid

1 ark med mål for sosialt samspele / Samlingstund

1 ark med mål for sosialt samspele / Garderoben

1 Målark / Oppsummering

Kvart målark er delt opp i fleire delmål.

NAMN:	DATO:	Målark 4 (Garderoben)		
Sosialt samspele i barnehagen				
		Ja, dette kan eg!	Eg er på god veg	Eg må arbeida meir
1. Hengja klærne mine på knaggen (eventuelt be om hjelp)				
2. Stilla skoa mine fint opp				
3. Begynna å kle på meg med ein gong - når me skal ut				
4. Kle på meg sjølv				
5. Stå fint og venta med dora - til eg får lov å gå ut				

-Belønning for oppnådd mål er sjølvsagt mykje ros når borna viser at dei kan bruka det ein har arbeidd med i kvardagen, og klistermerke og stjerner på arka.

-Primærkontakten har ansvar for kvar si gruppe barn, slik at dei kan følgja opp og samtala med barnet korleis det går med måloppnåinga. Me har samtale med eit barn om gongen, og legg vekt på at barnet sjølv skal få fortelja korleis det går. I desse samtalane kan barnet også få fortelja korleis det har det i barnehagen, om det er noko ein ynskjer meir eller mindre av, kanskje nye idear til kva som kan gjerast eller opplevast.

-Målarka står i permen til kvart einskild barn. I denne permen samlar me også ulike arbeid som borna har laga og som dei vil ta vare på. I tillegg set me av og til inn biletet frå ulike situasjonar. Foreldra har tilgang på permen til sitt barn. Me sender også heim dei aktuelle målarka som borna jobbar med slik at foreldra kan følgja desse opp heime.

-Med jamne «drypp» brukar me også bøker som handlar om gode relasjonar til høgtlesing i samlingsstunda. Dette er t.d. «Karsten og Petra-bøker, Albert Åberg-bøker», «Bella og Gustav –forteljingar, «Albin»-bøker m.fl.

-Det er viktig for oss å ta borna på alvor, og å støtte opp om deira meningar og følelsar. Me ynskjer å oppmuntra til å gje uttrykk for tankar og meningar, og at dei kan få sjå at deira tankar og idear vert brukt i det me gjer i barnehagen.

SPRÅKLEG KOMPETANSE

I småbarnsalder legg ein grunnlaget for språkutviklinga, også når det gjeld seinare skriftspråk og leseforståing. Me ynskjer difor å vera bevisst på at me er språklege førebilete, og vil gje borna varierte og positive erfaringar ved å bruka språket som kommunikasjonsmiddel.

Det er vårt ansvar å forstå dei, og vårt ansvar å tilby språk på mange ulike måtar. Me nyttar blant anna mykje lesing, eventyrforteljing, barna får øva på å fortelja i gruppa eller til ein og ein. Det å prøva å setja ord på opplevingar ein har hatt kan nokre gongar vera vanskeleg, men er ei god øving. Tankekart brukar me også her. Der får borna seja noko om kva dei veit om til dømes eit tema. Dette blir notert ned i små bobler rundt temaet som står i sentrum. Vi har som mål at borna skal bli aktive brukara av språket, og dette vil vere eit ekstra satsingsområde framover.

Ein kan finna meir om dette under fagområdet «Kommunikasjon, språk og tekst» på side 9 i Kommunal årsplan.



Dialogisk lesing

Dette barnehageåret har me starta opp med ”Dialogisk lesing” i språkarbeidet i barnehagen. Språkarbeidet føregår i smågrupper, og det handlar om å lesa bøker med tekst og bilet på ein systematisk måte. Det er utvikla eige bokhefte til kvar bok me brukar i dialogisk lesing.

Mål for arbeidet med dialogisk lesing er m.a.:

- Å ha det kjekt i lag
- Gi ei positiv leseoppleveling her og no
- Å skapa mening i teksten med aktiv deltaking
- Å veksla mellom å lytta, lesa og samtala
- Gi ei fellesopplevelsing/fellesskap
- Inspirasjon til leik og vennskap
- Auka barnet sin kommunikasjonskompetanse
- Auka ordforråd
- Auka konsentrasjon

Gjennom lesinga vert det arbeidd med fokusord / gode ord, samtalar om både innhald og illustrasjonar, kreative aktivitetar, setningar som vert repetert og bokquiz. Samtalar med barna undervegs står sentralt i den dialogiske lesinga.

Ved å klikka på linken under, kan du sjå ein filmsnutt om dialogisk lesing i praksis:

<http://www.barnehageforum.no/barnehagetvplay.aspx?videoid=15>

LÆRING

Læring skjer i det daglege samspelet med andre menneske og med miljøet rundt oss. Det heng nært saman med leik, omsorg og oppseding. Borna lærer gjennom alt dei opplever og erfarer. Rammeplanen for barnehagen legg mykje vekt på læring gjennom eit allsidig innhald, dette kan ein blant anna lesa om frå side 15 i den kommunale årsplanen for barnehagane i Radøy kommune. Under kapittelet om barnehagen som kunnskapsformidlar, får ein ei innføring i dei sju fagområda som me jobbar utifra.



Me ynskjer å leggja til rette for eit aktivt og utfordrande læringsmiljø ved å

- la borna oppleva glede og meistring
- gje varierte og utfordrande opplevingar
- gje rom for undring
- øva på å brukha alle sansane våre
- fortelja og lesa
- leggja til rette for gode relasjonar i høve til andre menneske
- gje borna god tid til leik
- la dei brukha kroppen sin
- jobba inngående med ulike tema; i år er det «**Nærmiljøet vårt**» me skal læra mykje om
- dela barnegruppa etter alder, og det gjer at me lettare kan tilretteleggja for aldersadekvat læring. Dette gjeld både for dei som er på tur, og for dei som er i barnehagen. Det er alltid ein voksen med på gruppa, og ein kan gjennom leik og andre aktivitetar vidareutvikla seg og læra mykje nytt.

Me tilrettelegg for læring i blant anna samlingsstund, gymsal, grupper, uteleik, inneleik og forskulegruppe. Nokre gongar er det me som vaksne som styrer tilrettelegginga for læring, andre gongar vil barna i stor grad styra denne prosessen.



LEIK


Leiken er hovudaktiviteten i barnehagen og borna sin naturlege uttrykksmåte. Leiken gjev glede, samstundes som den kan vera problemløysar. I leiken brukar barnet sine eigne erfaringar. Det skaffer seg kunnskapar i leik med andre born og den er også med å utvikla fantasien. Gjennom leiken kan borna forska ut miljøet rundt seg. Slik kan me seia at leiken fremmar utviklinga til barnet på alle område, både intellektuelt, språkleg, fysisk, sosialt og følelsesmessig (emosjonelt) - og i leiken utviklar og styrkjer barnet identiteten og sjølvkjensla si.

Til dømes gjennom rolleleik/sosial leik, kan borna bearbeida tankar, opplevingar og inntrykk, og slik få prøva ut ulike roller. Borna lærer reglar og normer for sosialt samspele med andre. Her spelar kommunikasjon ei sentral rolle. Gjennom konstruksjonsleik/byggeleik utviklar borna t.d. både fantasi og motorikk.

Å leggja tilrette for at borna kan leika, er difor ei av dei viktigaste oppgåvene til barnehagen. Den vaksne si rolle er m.a. å vera aktiv og interessert, hjelpe og tilretteleggja for borna, oppmuntra etter behov og leika ilag med borna, utvida leiken eller gje råd og vera kreativ dersom ein vert invitert inn i verda til leiken. Dei vaksne skal støtta og stimulera borna i leiken på deira premissar, og respektera borna sin leik.

Gjennom frileik ynskjer me at borna skal henta kunnskap, få positive haldningar og ferdigheiter:

- læra ulike leikar
- læra reglar for leik
- respektera andre sine leikar og andre sin leik
- ta vare på leikane
- læra å gjera seg ferdig med ein leik og rydda på plass det ein har brukt
- læra å bruka leikar og leikeapparat
- læra å aktivisera seg sjølv
- trenar på å verta uthaldande i høve til ulike typar leik



SAMLINGSSTUND

Ei god samlingsstund er ei blanding av samtale, song, rim, leikar, songleikar, eventyrforteljing og lesing av bøker. Borna får her sosial trening i gruppe ved å:

- kommunisera med kvarandre og med den vaksne
- følgja med i ein samtale
- utvikla evna til å lytta til kvarandre
- lytta til informasjon og høgtlesing
- læra å ta omsyn til kvarandre ved å venta på tur
- sitja roleg

Barnehagen har som mål å ha gode og magiske samlingsstunder som kan utfordra, inspirera og gleda borna.

Hovudmålet med samlingsstunda er at alle skal føla seg som ein del av fellesskapet, og me skal ha det kjekt i lag denne stunda.

«GYMMEN»

Ein gymsal gjev mange moglegheiter for å kunna bevega og utfalda seg allsidig.

Hjå forskulebarna er det dei grovmotoriske bevegelsane som dominerer, som er dei naturlege og grunnleggjande. Dette er aktivitetar som dei brukar i leik, t.d. gå, springa, krypa, rulla, åla, hinka, balansera, rotera, vippa/gynga, klatra, trekkja, svinga. Her er gjentaking viktig, «øving gjer meister». I gymmen blir det difor mykje leik.

Born i forskulealder lever ofte i fantasien si verd. Difor prøver me å utnytta borna sitt aktivitetsnivå i kombinasjon med fantasien. Det å apellera til fantasien og forestillingane kan også hjelpe på motivasjonen.

Ved å bruka forteljingar kan bevegelsane slik knyttast til borna sine forestillingar og fantasi, og borna får samstundes ein allsidig og variert bruk av kroppen. Døme: Me brukar ei forteljing om ein tur i skogen der me møter mange dyr...kanskje ein harepus. Korleis hoppar han?

Me brukar apparata som er i gymsalen til t.d. ei hinderløype som ein også kan gjennomføra ved hjelp av ei fantasiforteljing. Me leikar med ballar, rokkingar, hoppar og rullar på matter, kryp i tunellen, balanserar på benkar og mykje meir.

Me brukar også songleikar som t.d. »Per Sjuspring», «Fløy en liten blåfugl», «Jeg gikk meg over sjø og land». Leikar som «Alle mine barn kom heim» og «Haien kjem» er også populære i gymsalen.

BARNEHAGEN SOM EIN KULTURARENA



Kultur handlar om arv og tradisjonar, men òg om kreativitet og nyskaping. Barnehagen har gjennom heile barnehageåret mange faste tradisjonsfeiringar. Og avsnittet i årsplanen om ”Aktivitetar og samarbeid med skulen”, fortel om mange fine kulturtradisjonar barnehagen og skulen er i lag om.

I tillegg til det som er tatt med i det avsittet, kan følgjande tradisjonar nemnast:

- på Lucia-dagen har barnehagen tradisjon for å gå i Lucia-tog til skulen, eller gå i Lucia-tog i samband med adventssamling i gymsalen
- i februar har me karneval i barnehagen,
- borna øver inn litt program til framvisning, t.d. i samband med foreldrekaffi.
- gjennom barnehageåret har me ulike utflukter i nærmiljøet, m.a. besøkjer me om våren ein gard for å sjå på dyra, me går til sjøen for å sjå på livet i fjæra o.l.

Barnehagen har besøkt Emigrantkyrkja og Utvandringssenteret fleire gonger, m.a. i samband med eige tema om nærmiljøet vårt.

Når skulen har arrangement gjennom ”Den kulturelle skulesekken” (teater, konserter ol.) - vert me inviterte med dersom innhaldet høver for oss. Barnehagen vurderer også sjølv å ta imot kulturtildelser utanfrå, eventuelt i lag med andre barnehagar. Kostnadane er her ofte avgjerande for kva me kan takka ja til.

FØDSELDAGSFEIRING

-Dersom barnet er i barnehagen på fødselsdagen, feirer me denne dagen. Elles vil me gjerne prøva å avtala med mor eller far kva dag me feirer i barnehagen.

-Fødselsdagsbarnet får vera med å setja fram flagg og hengja det ut på veggen...

-Fødselsdagsbarnet får KRUNE med navn og alder på, og masse pynt og glitter....

-Barnet får, så langt råd er, også velja kva farge kruna skal ha.

-Fødselsdagen vert først og fremst markert i samlingstunda. Denne dagen handler det om ein fødselsdag og barnet får her glede ved å vera i sentrum.

I samlingstunda har me ein eigen gebursdagsstol som gebursdagsbarnet får sitja på.

Han/ho har gjerne noko dei vil fortelja til dei andre dersom dei allereie har feira dagen heime. Me syng for barnet, på engelsk eller norsk. Barnet bestemmer!

- Borna får også seja ein fin ting til den som har fødselsdag. Dette skriv me ned, og heng det opp i garderoben på månadens gebursdagsbarn-plakat.

- På førehand har alle borna teikna kvar si teikning. Desse set me saman til ei lita bok som vert overrekt «jubilanten».

- Barnet får velje seg ein liten ting frå den flotte gebursdagskassen vår!

Kjem feiringa på ein turdag, feirer me i skogen.

Me ynskjer at borna gjennom markeringa av fødselsdagen skal få styrkja identiteten sin og oppleva glede ved å vera i sentrum, og at det skal vera noko ekstra ved denne dagen.

HURRA FOR DEG SOM FYLLER DITT ÅR!




*Hurra for deg som fyller ditt år!
Ja, deg vil vi gratulera!
Alle i ring omkring deg vi står,
og sjå, no vil vi marsjera.
Bukke, nikke, neie, snu oss omkring,
Ynskje deg av hjarta alle gode ting,
og sei meg så, kva vil du meira?*



AKTIVITETAR OG SAMARBEID MED SKULEN

Ein gong for månaden har skulen «månadssamling» i gymsalen, der alle i barnehagen vert inviterte til å vera «gjester». Dette er eit arrangement der dei ulike klassane på skulen etter tur har ansvar for programmet. Programmet inneholdt ulike typar underhaldning som elevinnslag, felles songar o.l. Før jul er barnehagen med på felles adventsamlingar med skulen, der også barnehageborna har programinnslag.

Barnehage og skule har i tillegg ein del andre fellesarrangement som juleavslutning på Samfunnshuset, grillfest før ferien, ein felles skule-/barnehagefrukost i gymsalen m.m. Elevane på 5. og 6. årstrinn vil annakvar veke lese bøker for barnehageborna. Her sit to eller tre elevar og barnehageborn i lag og får ei koseleg lesestund saman. Annakvar fredag, på slutten av skuledagen, får nokre av barnehageborna vera med elevane på 1.- 2. årstrinn i leiketime på skulen.



BARN SIN MEDVERKNAD

Då barnehagelova vart revidert av Stortinget i 2005, kom det inn ein ny bestemmelse, gjeldande fra 1. januar 2006. Den er formulert slik:

§ 3 Barn sin rett til medverknad

"Barn i barnehagen har rett til å gi uttrykk for sitt syn på barnehagens daglige virksomhet. Barn skal jevnlig få mulighet til aktiv deltagelse i planlegging og vurdering av barnehagens virksomhet. Barnets synspunkter skal tillegges vekt i samsvar med dets alder og modenhet.

(Barnehageloven § 3, om Barn sin rett til medverknad)

At barn skal få medverke i sin eigen kvardag, handlar om å ta barn på alvor. Det betyr ikkje at det dei uttrykkjer alltid kan gjennomførast, men dei skal få vera med i prosessen ved planlegging og evaluering.

I Austebygd barnehage vert barna sin rett til medverknad m.a. ivaretatt gjennom

- jamnlege barnemøter
- val av aktivitetar / leggja til rette for valmuligheter
- å møta barna på deira interesser
- tankekart i samband med tema, der barna sine innspel kan vera utgangspunkt for val av kva ein skal ha fokus på vidare
- samtalar med det enkelte barn om korleis dei har det i barnehagen
- evaluering saman med barna, samtalестunder i forhold til aktuelle tema ein arbeider med

Det aller viktigaste i barna sin rett til medverknad, skjer i det daglege samspelet mellom barn og vaksne. Her er dei vaksne sine haldningar og verdisyn svært avgjerande. Kvart barn skal bli møtt med respekt, kjenna at det blir sett og lytta til – og at dei vaksne prøver å forstå det. Dei yngste barna kan ikkje alltid uttrykkja seg verbalt, og då vert det avgjerande med god observasjon og å prøva å “lesa” kva dei vil formidla gjennom mimikk og kroppsspråk.

I Austebygd barnehage vil me at kvart barn skal oppleve om seg sjølv:

- Eg er ein som er verd å lytte til.
- Eg har tankar, idear, initiativ som er interessante for andre.
- Eg har noko å gje til andre, dei likar meg.

OVERGANG BARNEHAGE – SKULE

Som nemnt tidlegare, har Austebygd barnehage og Austebygd skule nær kontakt gjennom ulike aktivitetar i løpet av barnehageåret. Me legg også vekt på å skapa positive forventningar og tilknyting til skulen, og då spesielt for førskuleborna.

I barnehagen har 5-åringane ei eiga førskulegruppe, der ein vektlegg skuleførebuande aktivitetar.

Barnehagen og skulen har eit spesielt faddersamarbeid mellom 5-åringane og elevane på 6. årstrinn. Etter påske møtest desse jamnleg, og elevane har ansvar for å planleggja og gjennomföra ulike aktivitetar i lag med førskuleborna. Målet er at dei komande 1.klassingane skal verta både trygge og forventningsfulle, m.a. ved å bli godt kjende med dei elevane som neste skuleår er dei største på skulen.

Innskrivingsdagen og førskuledagen er også viktige dagar for 5-åringane i overgangs-fasen mellom barnehage og skule.

Radøy kommune har utarbeidd ein eigen plan for overgangen barnehage – skule.

Foreldra til førskuleborna vil få ekstra informasjon om aktuelt innhald i denne, både i samband med foreldremøte om hausten, og i skuleførebuinga om våren.

Ved informasjon som det er ønskjeleg vert overlevert frå barnehagen til skulen, t.d. vedr. barn som har særlege behov, får foreldra utdelt eit skjema, der dei må gje skriftleg godkjenning på opplysningar barnehagen har løyve til å gje vidare til skulen.

MØTER I BARNEHAGEN

Avdelings-/personalmøter:

Her diskuterer me emne som er felles for heile barne- og/eller personalgruppa. Desse møta er viktige, m.a. fordi alle her får høve til å delta i planleggingsprosessen. Me prøver også kort å evaluera kvar me står i høve til målsetjing og planar.

Planleggingsdagar:

Det er sett av fem dagar til planlegging i barnehagane. Grovplanlegginga gjer ein fram mot neste planleggingsdag og ut frå framlegg frå pedagogisk leiar. Planleggingsdagane vert også nytta kurs, og til praktiske gjeremål som ein ellers ikkje får tid til å gjera i barnehagen.

Foreldresamtalar:

I november vert det sett opp timer til foreldresamtalar. Ped.leiar heng opp liste på avdelinga som ein skriv seg på. Utanom dette kan ein få samtaletid ved å avtala med ped.leiar.

Foreldresamtalane er ein føresetnad for at barnehagen skal kunna møta kvart einskild barn og familiane sine ynskje og behov på ein tilfredstillande måte. Foreldra til førskuleborna vert spesiellt inviterte til ein foreldresamtale på våren også, her går vi gjennom kva som skal skje denne siste tida i barnehagen og kva planar som er ved overgang barnehage – skule. Ved behov så tek me foreldresamtalar for andre i barnegruppa til våren også.

Faste foreldremøte:

I september har me foreldremøte. Dette møtet er ein viktig kanal for å gje og få informasjon som gjeld for barnehagen generelt. Samtidig er det ein god måte å få presentera barnehagen si verksemd overfor foreldra/ dei føresette. Desse møta gjev også foreldra høve til å påverka verksemda; gjennom tilbakemeldingar til personalet, og tankar, idear eller forslag til kva dei sjølv kan bidra med.

Anna kontakt:


Barnehagen kan arrangera ulike tilstelningar som t.d. foreldrekaffi.

Foreldra seg imellom kan arrangera temakveldar eller møter i regi av foreldrerådet. Dette kan også gjerast i samarbeid med personalet og gjennom FAU (foreldra sitt arbeidsutval).

Foreldrerepresentantane (FAU) har ansvar for barnehagen si fane i 17. mai toget.

Austebrygd barnehage og Austebrygd skule har felles Samarbeidsutval.

Den daglege kontakten i hente-/bringesituasjonen er svært viktig for samarbeidet mellom heim og barnehage. Her kan det utvekslast viktig informasjon som gjeld barnet. Dei uformelle møta mellom foreldre og barnehage er også viktige for at me skal verta kjende med kvarandre. Ein god og positiv tone mellom foreldre og personalet gjer sitt til at barn, foreldre og personalet vert trygge - og trivselen aukar.



PLANLEGGING, DOKUMENTASJON OG VURDERING

Barnehagen er ei pedagogisk verksemد som skal planleggjast, dokumenterast og vurderast.(Jfr. Rammeplan)

KVEN	KVA	KORLEIS	KOR TID
Foreldre	Barnet sin trivsel og utvikling. Kvaliteten på barnehagetilbodet	Sjå korleis barnet har det i bhg. Korleis blir barn og foreldre møtt i bhg ved levering/henting? Sjå på aktivitetar i bhg Vurdera månads- og årsplan Vurdera bhg sine heimesider Foreldresamtalar Foreldremøte Brukarundersøkingar	Dagleg Dagleg Jamnleg Månadleg Jamnleg Haust og ev. vår Hausten Årleg
Barn	Kva barnet likar, ikkje likar i bhg Trivsel Medverknad på tema o.l Aktivitetar Bursdagsfeiring	Planlagde samtalar med personalet, med dei eldste barna Kvardagssamtalar med personalet Vera med på samtalar rundt tankekart - planlegging/vurdering Val av aktivitetar å vera med på Velja kva mat som skal lagast o.a.	1 – 2 gongar i året Jamnleg Start /avslutning på deltema Kvar dag Ved fødselsdag
Personale	Kvardagslivet i bhg Faglege aktivitetar, informasjon m.m. Planlegging, evaluering m.m. Observasjon og vurdering av det enkelte barn si utvikling. Samspel i barnegruppa Tilbakemelding til / og vurdering i lag med foreldra	Bilete frå aktivitetar Bilete på digital tavle Perm til det enkelte barn – med bilet, tekst, teikningar m.m. Bhg sine heimesider Månadsbrev Årsplan med temaplan Møte ml. styrar og ped.leiar/førskulelærar Møte der alle i personalet deltek Planleggingsdagar Planleggingstid til samlingsstund Uformelle samtalar i personalet Uformell observasjon + meir formell observasjon, t.d. ved bruk av verktøyet ”Alle med”. Uformell observasjon Ved levering / henting i bhg Foreldresamtalar	Dagleg/jamnleg Jamnleg Jamnleg Jamnleg Månadleg Hausten Kvar veke Månadleg 5 dg. pr. år Kvar dag Dagleg Dagleg Jamnleg Dagleg Dagleg 1 – 2 g. i året
FAU og Samarbeids-Utval	Barnehagetilbodet generelt Årsplanen	Møte i FAU eller møte i Samarbeidsutvalet	Nokre gongar i året Kvart år

MI (MANGE INTELLIGENSAR) - I BARNEHAGEN

Alle barnehagane i Radøy har som felles satsingsområde å bruка Howard Gardner sin teori om MI (mange intelligensar) i arbeidet vårt. Det betyr at me har fokus på å vera innom dei ulike intelligensane (dei sterke sidene til barnet) i det me gjer. Det er kanskje ikkje i alle aktivitetar at alle intelligensane står like sterkt, men me skal streba etter å vera innom alle i dei ulike delane av temaet.



Fagområda og MI

	Kommunikasjon, språk og tekst	Kropp, rørsle og helse	Kunst, kultur og kreativitet	Natur, miljø og teknikk	Etikk, religion og filosofi	Nærmiljø og samfunn	Antal, rom og form
Personleg intelligens	*	*	*			*	
Sosial intelligens			*		*	*	
Visuell og romleg intelligens	*		*			*	*
Kroppsleg og motorisk intelligens		*	*				*
Musikalsk intelligens		*	*				*
Språkleg intelligens	*		*		*		
Logisk-matematisk intelligens				*		*	*
Naturalistisk intelligens				*	*	*	

FAGOMRÅDA I RAMMEPLANEN – PROGRESJON UT FRÅ ALDER

Det pedagogiske innhaldet skal pregast av samanheng og kontinuitet. Barna skal samtidig oppleva progresjon i det dei opplever i løpet av tida dei er i barnehagen. Progresjon betyr utvikling og framskritt. Barna må få ulike utfordringar i barnehagen, dei skal oppleva at dei lærer stadig meir, og me må finna ein balanse mellom det å oppleva meistring og å kunna strekkja seg etter nye mål. Ein måte å gjera det på er å dela barnegruppa inn etter alder, medan me andre gongar gjennomfører aktivitetar på tvers av alder.

Barna lærer mykje i barnehagen. Ein del læring er planlagt og tilrettelagt, men mykje av barnas læring skjer gjennom kvardagsaktivitetar.

Me har laga ei oversikt over kva ein vil leggja vekt på i dei ulike fagområda innan dei ulike aldersgruppene. Det er vanskeleg å få med alt, men me har prøvd å ta det mest vesentlege. Ein må også ta forbehold når det gjeld inndelinga i alder, born lærer ulikt og har ulike forutsetningar.

Det som høyrer inn under ein alder, vil og gjelda når ein ser vidare oppover i alder.

FAGOMRÅDE	2-3 ÅR	3-4 ÅR	4-5 ÅR	5-6 ÅR
Kommunikasjon, språk og tekst.	Begrepsforståing og språkutvikling. Sang, rim og reglar. Leik, rollelek. Bøker med meir og meir tekst. Bruka eventyr. Spela spel og puslespel.	Jobba med fargar. Gje meir utfordringar til det som er nemnt under 2-3 år. Vaksne som aktivt brukar omgrep som over, under, framfor, bak osv.	Læra å løysa konfliktar med ord. Samtale kring ting me skal læra, meir kunnskap. Telja og sortera. Rollespel presentera så smått bokstavar og tal.	Stimulera til interesse for bokstavar og tal. Øva på tekstsakping og på gjenforteljing. Forskulegruppe.
Kropp, rørsle og helse.	Sansing. Kroppsleg meistring. Oppmuntra til å bruka kroppen, og å prøva nye ting. Øva på å bli meir sjølvstendig, t.d. ved på-kledning, måltid, vask av hender og slutta med bleier. Sykla, gå tur i variert terreng. Bevegelse til musikk.	Fast turdag ein dag i veka. Tilby ulike utfordringar. Fokusera på å klara ting sjølv, og eigen hygiene. Sangleikar. Bruka gymsalen. Hinderløype på turområdet vårt.	Snakka litt om kroppen vår, og om godt kosthald. Hinderløyper og ulike leikar i gymsalen. Gøymespel i skogen.	Større utfordringar i gymsalen, tilpassa slik at kvar får nye ting å strekkja seg mot. Bruka hoppetau og paradis. «Slalomløype» til å sykla eller gå i.
Kunst, kultur og kreativitet.	Stimulera til å bruka teikne- og malesaker, modellkitt, trolldeig m.m. Masse sang i samlingstund.	Gje erfaringar med ulike materiell, til dømes ull og perler. Bruka musikk med bevegelse til.	Få vera med på ulike samlingar saman med skulen. Det kan vera månadssamling, teater, bokbåten og andre ting.	Bruka ulike fargar, prøva å gjenskapa i dei naturlege fargane, kva skjer om me blandar fargar. Former og design.

Kunst, kultur og kreativitet (forts.)	Laga eigne julegåver.		Bruka ulike maleteknikkar. Sjå på ting i naturen, gjenskapa.	Me lagar gevinstar til kafé og utlodning, der inntekta går til CARF og Gregory Smith sitt arbeid for gatebarn i Brasil.
Natur, miljø og teknikk.	Erfara naturen. Utedag kvar veke, øva på å gå i ulendt terreng. Uteleik i all slags vèr. Bondegardsbesøk. Skapa forventning og glede ved å sjå noko gro. Så frø.	Gje tilgang til ulike byggjeklossar og konstruksjonsmateriell. Øva på å gå i tau, og bera eigne sekkar på tur. Undra oss over ting i naturen. Leita etter småkryp.	Meir kunnskap om den verden me lever i, og om universet rundt oss. Snakka om kildesortering, bli kjent med det me kan gjera i barnehagen. Bli glad i å vera i naturen, tilby ulike aktivitetar på turdagen vår.	Spikking. Litt om vér og temperaturar. På tur kvar veke, sjå endringar i naturen.
Etikk, religion og filosofi.	Læra å dela, ikkje ta i frå andre. Visa omsorg for andre. Delta på markering av høgtider. Månadssamling i desember, med m.a. Lucia.	Undra seg over ting saman med barna. Konfliktløysing. Sosial kompetanse. Delta på markering og høgtider. Månadssamling i desember.	Vidareutvikla det ein har begynt å læra i samspel med andre. Delta på markering og høgtider. Månadssamling i desember.	Gje rom for undring. Leggja vekt på den gode samtalen. Delta på markering av høgtider. Månadssamling i desember der dei eldste får litt meir ansvar og oppgåver.
Nærmiljø og samfunn.	Bli trygge i barnehagen, ved blant anna bruka «meg-sjølv» arka. Bli litt kjent med dyr i skogen. Etter kvart bli kjent med barnehagens turområde.	Korleis oppførar oss i trafikken. Snakka om kva dyra et – og korleis dei lever.	Rydda opp etter oss i naturen, ikkje kasta boss.	Snakka litt om nærmiljøet vårt, Emigrantkyrkja. Læra kva ”mor, far og barn” vert kalla i dyrefamiliane
Tal, rom og form.	Innpasningsspel, puttekasse. Enkle spel, puslespel. Duploklossar. Teljeregler og sangar. Telja saman med borna. Ulike formingsmatriell.	Sortering. Klossar og konstruksjonleikar. Telja. Bli kjent med tala 1-5 - korleis dei ser ut og synleggjera mengde. Dagar.	Talsymbol. Innøving av ulike begrep, til dømes størst/minst, kort/lang. Vidare med tal, 1 – 10. Bruka ting inne, klossar, leita i naturen etter rett tal.	Stimulera interessa for tal og bokstavar. Jobba vidare med synleggjering og forståing. Teljeregler og ellingar. Større vanskegrad på spel. Bruka matematiske omgrep. Bruka turdagane våre til meir læring. T.d. vega steinar, måla kor lange me er, kor mange me er (viss nokre gøymer seg, kor mange er igjen?) osv.

Temaplan haust 2016 og vår 2017

«Nærmiljøet vårt»

I barnehagen får barna mange varierte erfaringar med nærmiljøet når me er ute kvar dag, samt at me har fast turdag kvar veke. Med fokus på rammeplanen og kva barnas interesse har vore fyrste barnehagevekene denne hausten, vart temaet for det neste året valt. Denne hausten har me lyst å jobba med temaet «Nærmiljøet vårt». Kva finn me i barnehagen og i området rundt i kvardagen, på turdagar eller viss me avtalar ei utflukt i nærleiken? Kva plantar, dyr, bygg, årstid og menneske treff me? Tema-overskrifta er romleg og mykje kan trekkjast inn her, me ynskjer at bornas interesse og initiativ skal leia oss framover. Rammeplanen for barnehagen seier «*gjennomføring av planen må vera så fleksibel at det er rom for spontanitet og barns medvirkning*».

I rammeplanen for barnehagen er innhaldet delt inn i 7 fagområder som er sentrale for oppleveling, utforsking og læring. Desse områda er i stor grad dei same som barna seinare møter som fag i skulen. Gode opplevelingar, erfaringar og læring innanfor desse områda i barnehagen kan gje barna eit positivt forhold til faga og motivasjon til å lære meir.

Rammeplanen som er eit av styringsdokumenta til barnehagen, sier mellom anna at fagområdet «Natur, miljø og teknikk» «skal bidra til at barn blir kjent med og får forståelse for planter og dyr, landskap, årstider og vær. Det er et mål at barn skal få en begynnende forståelse av betydningen av en bærekraftig utvikling. I dette inngår kjærighet til naturen, forståelse for samspillet i naturen og mellom mennesket og naturen».

Nokre idear som hører inn under dei ulike fagområda:


Kommunikasjon, språk og tekst	Kropp, bevegelse og helse
<ul style="list-style-type: none">- Song, rim og regler- Dramatisera- Rolleleik- Laga dyrelydar- Dikte historiar og eventyr om dyr eller anna barna er opptekne av i nærmiljøet- Høgtlesing frå bok- Høyre historiar og eventyr	<ul style="list-style-type: none">- Dans og bevegelse til song- Bevege seg som eit dyr- Hoppa og balansera- Leike dyr i skogen- Bevegelse i gymsal

Kunst, kultur og kreativitet <ul style="list-style-type: none"> - Kle seg ut og leike yrka barna møter i nærmiljøet - Forma oss som dyr me møter - Laga dyr/hus/anna barna møter i nærmiljøet, av ting me finn i naturen - Modellkitt - Synge songar om dyr me ser i nærmiljøet 	Natur, miljø og teknikk <ul style="list-style-type: none"> - Bli kjent med årstida - Ta utflukter i nærmiljøet vårt - Dramatisera ute i skogen - Læra meir om dei ulike dyra me ser i nærmiljøet vårt (kva dei et, kvar dei bur, korleis dei sør o.a.) - Få kunnskap om yrka me ser i nærmiljøet vårt og ta det inn i leik -
Etikk, religion og filosofi <ul style="list-style-type: none"> - Gje kvarandre rom og tid til å komma med eigne meininger og synspunkt - Respekt for kvarandre - Samarbeida med kvarandre - Få kjennskap til kristen høgtid (jul) og tradisjon - Hjelpa kvarandre å finna konstruktive løysingar når ein er i konflikt - Bry oss om kvarandre, og snakka godt om og til kvarandre 	Nærmiljø og samfunn <ul style="list-style-type: none"> - Vera ein viktig del av gruppa - Forståelse for ulike tradisjonar og måtar å leve på - Borna skal oppleva at dei kan gjera ei endring om det som skjer i barnehagen - Vera nysgjerrig saman med barnet - Ta utflukter i nærmiljøet vårt (Emigrantkyrkja, butikken, biblioteket, Utvandringssenteret, gardsbesøk, sjøen, skogen, anna)
Antall, rom og form <ul style="list-style-type: none"> - Telje dyr, bilar, steg o.a. - Sjå på ulik form og farge i barnehagen og ute i naturen - Sjå på ulike storleikar - Spele ulike spel; telje 	

Metodar:

- MI: Bruka tankekart og ha fokus på å få med dei ulike intelligensane
- samtale og læringsøkter i større og mindre grupper, - og individuelt
- songar, rim og reglar
- bøker, fortelingar og eventyr
- bilete, film og bruk av data (internett)
- leik
- dramatisering/ rollespel
- ulike formingsaktivitetar
- observere og undre seg ute i naturen

På foreldrerådsmøtet i haust, fekk me fleire gode innspel frå foreldra til aktivitetar me kunne gjere, i møte med tema. Her er eit lite tankekart som syner innspel me fekk:



Me har her laga ein forenkla plan med oversikt over aktuelt innhald for tema-arbeidet utover året. Punkta som står under kvar periode er ikkje utfyllande, men døme på aktuelle aktivitetar.

«Nærmiljøet vårt»

<p>September – oktober</p> <ul style="list-style-type: none"> - Bøker om hausten - Sjå bilete/film om dyra/anna me ser i nærområdet - I samling kan ein bruke koffert med dyr eller noko anna som hører til tema, undre oss saman med borna - Fakta om tre, fuglar, insekt, blomar, dyr me finn i nærmiljøet vårt - Hobbyaktivitetar som passar til tema - Song, rim, reglar, eventyr. Leik. 	
<p>November - desember</p> <p>JUL: Juletradisjonar og juleførebuingar</p> <ul style="list-style-type: none"> - Advent med adventssamling, Lucia-samling - Juleforteljingar, lesing, julesongar - Julegudsteneste - Baking, julepynt og gåver - Nissefest, julegraut m.m. 	
<p>Januar - februar</p> <ul style="list-style-type: none"> - Bøker om vinteren - Sjå bilete/film om dyra/anna me ser i nærområdet - Song, songleikar, rim og reglar - Eventyr - Hobbyaktivitetar som passar til tema 	
<p>Mars - april</p> <ul style="list-style-type: none"> - Bøker om våren - Oppleve vår i naturen (t.d. maurtue, trekkfuglar, vårplantar...) - Gardsbesøk - Sjå bilete/film om dyra/anna me ser i nærområdet - Fakta om dyr/plantar/anna me møter ute i nærmiljøet - Song, rim og regler - Hobbyaktivitetar som passar til tema - Påskeaktivitetar – Påskekafé m.m. 	
<p>Mai - juni</p> <ul style="list-style-type: none"> - Bøker om sommaren, song, rim og reglar - 17. mai førebuing - Sommar i naturen (skogen, mark og eng, ved sjøen) - Aktuelle utflukter: Besøkje ei strand og sjå på livet i fjæra, Utvandringssenteret og kyrkja, skolemuseet, m.m. 	

